

(Energi og miljøkomiteen, postmottak@stortinget.no)

(Telemark Bonde og Småbrukarlag, 27/03 2024)

Representantforslag 90 S (2023–2024)

«Representantforslag om å auke bestandsmålene for ulv, jerv og gaupe»

Fylkeslaga av Norsk Bonde- og Småbrukarlag i Buskerud, Telemark, Agderfylka, Rogaland og Vestland vil med dette kommentere dokument 8-framlegget frå Venstre-representantane Ola Elvestuen, Sveinung Rotevatn, Guri Melby og Ingvild Wetrhus Thorsvik.

Framlegget har 7 punkt:

1. *Stortinget ber regjeringen sette bestandsmålet for ulv i Norge til minst 8–12 årlige ulvekull, inklusive grenserevir, hvorav minst seks helnorske ynglinger.*
2. *Stortinget ber regjeringen utrede en utvidelse av ulvesonen, og komme tilbake med forslag som gjør at Norge tar et større ansvar for en levedyktig skandinavisk ulvebestand.*
3. *Stortinget ber regjeringen reetablere prinsippet om en midlertidig utvidelse av ulvesonen for å skjerme familiegrupper med minst 50 pst. av reviret innenfor ulvesonen fra å skytes under lisensjakten for ulv utenfor ulvesonen.*
4. ***Stortinget ber regjeringen sette bestandsmålet for den norske ansvarsarten jerv i Norge til minst 64 ungekull av jerv.***
5. ***Stortinget ber regjeringen utvide sonen for jerv, slik at jerv kan etablere seg som en naturlig del av økosystemet innenfor Hardangervidda nasjonalpark.***
6. *Stortinget ber regjeringen sette bestandsmålet for gaupe i Norge til minst 75 ungekull av gaupe.*
7. *Stortinget ber regjeringen, der det er nødvendig, vedta soner for leveområder for bjørn som er bedre tilpasset bjørnens naturlige leveområder og vandringsmønstre.*

(vår utheving)

Punkta 4 og 5 heng saman, og er sjølvstøtt svært aktuelle for kommunane kring Hardangervidda. Kommentaraane våre konsentrerer seg om desse punkta, som ut frå det eksisterande grunnlaget for rovviltforvaltinga også er dei mest radikale.

Grunngjevinga for framlegga om endringar i jerveforvaltinga er slik:

«Jerv

Jerv er, i likhet med bjørn og ulv, fredet i Norge og står som sterkt truet på Norsk rødliste for arter 2021. I tillegg er jerv en norsk ansvarsart, det vil si en art som Norge har et særlig ansvar for å beskytte fordi mer enn 25 pst. av den europeiske bestanden finnes her i landet. Skal jervebestanden bli livskraftig i Norge må bestanden økes, og det må tillates flere ungekull å overleve. Forslagsstillerne foreslår å øke bestandsmålet for jerv til minimum 64 ynglinger hvert år.

Siden jerv er vanskelig å jakte på, benyttes hiuttak som virkemiddel for å holde bestanden nede. Under hiuttak graver ansatte i Statens naturoppsyn (SNO) seg ned til hiet og avliver enten mor og unger, eller bare ungene. Av dyreetiske grunner er forslagsstillerne kritiske til slike uttak av jerv og mener at behovet for slike hiuttak av jerv må begrenses.

Det er påvist skrantesyke på enkelte villrein på Hardangervidda, i tillegg til forekomster av fotråte som særlig angriper kalver. Sykdomstilstanden er smertefull, og dyr med fotråte er vanligvis svært halte. Jerv livnærer seg blant annet av å ta syke og skadde villrein, og hindrer smitteoverføring av sykdom mellom dyr, en rolle ingen rovdyr på Hardangervidda i dag fyller. Mangelen på naturlige predatorer som jerv på Hardangervidda gjør at det i dag er et økosystem i ubalanse.

Å åpne opp Hardangervidda som leve- og yngleområde for jerv vil bidra til å gjenopprette en naturlig balanse i det biologiske mangfoldet på Hardangervidda og bidra til å holde villreinstammen frisk og sunn. Dette kan gjennomføres uten utsetting av jerv, men ved å tillate at jerv som vandrer inn kan etablere seg. Med jerv på Hardangervidda vil det også bli enklere for fjellrev å etablere seg, siden fjellrev delvis livnærer seg av kadavre som er etterlatt av jerv i høyfjellet»

Våre kommentarer:

1. Rovviltforliket

Grunnlaget for den norske forvaltninga av gaupe, jerv, ulv og bjørn er ei semje på Stortinget mellom Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Venstre frå 16. juni 2011 (Dokument 8:163 S (2010–2011)). Vedtaket har følgjande grunn- gjeving og føremål:

Norge har etter Bern-konvensjonen en forpliktelse til å sikre overlevelsen til alle de store rov- viltartene i norsk natur. Flere av våre store rovdyr er en del av større skandinaviske stammer, forlikspartene ser det som naturlig å samarbeide med våre naboland om forvaltning av rele- vante rovdyr, noe som også er i tråd med Bernkonvensjonens formuleringer om internasjonalt samarbeid. Dyr på utmarksbeite har mange positive kvaliteter, og det er viktig å sikre levedyk- tig næringsvirksomhet i landbruket i områder med rovvilt. Forlikspartene viser til den todelte målsettingen etter rovviltforliket fra 2004, og at utfordringen ligger i å ivareta begge deler uten at konfliktene mellom dem blir større enn nødvendig.

Det er et mål at den regionale myndigheten i rovviltforvaltningen skal styrkes.


Rovdyrforvaltningen må baseres på en politikk der hensynet til å sikre overlevelse til alle de store rovviltartene i norsk natur må kombineres med en forvaltning som totalt sett bidrar til å dempe konfliktene og motvirke utrygghet innenfor den todelte målsettingen.

Vedtaket var eit forlik mellom motstridande interesser i rovviltforvaltninga. Både vedtaket og prakti- seringa av det blir kritisert av baa partar, men om ein skal ha von om å dempe konfliktane og mot- verke utryggleik, er det avgjerande at også *endringar* i rovviltforvaltninga må ha karakter av forlik.

Det har ikkje framlegget frå representantane for Venstre. Føremålet er *einsidig* å auke bestandsmåla for alle dei fire rovdyra, og opprette eit nytt forvaltingsområde for jerv på Hardangervidda. Påstanden «Det er etter forslagsstillerne mening fullt mulig å redusere konfliktnivået rundt beitedyr og rovdyr samtidig som rovdyrbestandene kan økes», er grunnlaus. Framleggsstillarane har ikkje ein gong prøva å vurdere konsekvensane av slike endringar. Det er ei haldning til rovviltforvaltninga som i seg sjølv er konfliktdrivande.

2. Bestandsmålet

Bestandsmålet for jerv på 39 ynglingar i året er vedteke som del av rovviltforliket. Forvaltinga har ikkje vore i stand til å avgrense bestanden til dette målet. I 2023 blei det registrert 64 ynglingar, 19 fleire enn i 2022, men berre 4 fleire enn i 2021 (Rovdata). Registreringane er vanskelege. Ynglingane skjer både innanfor og utanfor sona. Jervestamma er i dag ute av kontroll, trass i bruk av drastiske tiltak som uttak av tisper og/eller kvalpar frå hiet.



Figur 1: **Forvaltingsområde for jerv (grøn avgrensing) og rovdrytrykk.** Rovdrytrykket er målt ved å sjå kor mange år i perioden 1990-2019 SNO har registrert husdyr, hundar eller tamrein tekne av jerv. Frå NIBIO rapport 7 (175).

Korkje arronderinga eller storleiken på forvaltingsområda er eigna til å halde jerven innanfor, og konfliktnivået til beitenæringa er vedvarande høgt. Klima- og miljødepartementet gav i 2015 Norsk institutt for naturforskning (NINA) til oppdrag å finne eit grunnlag for å samordne forvaltinga av den sørnorske jervestamma. Resultatet blei lagt fram i *Rapport 1255/2016, Samordning av jerv i Sør-Norge – en kunnskapsoversikt*. Rapporten gjev bakgrunnsinformasjon om økologi, bestandsstatus og genetik hjå jerv i Sør-Norge, og gjer framlegg til ein metodikk for å finne framtidige forvaltingsområde eller soner som best mogleg balanserer omsyna til artsvernet og beitebruken.


Det er verdt å merke seg at framlegget frå Venstre til nytt bestandsmål er nøyaktig det same som talet på registrerte ynglingar i 2023. Vanskane med å regulere jervestamma på det noverande nivået tilseier likevel at utfordringane vil bli vesentleg større med ei større stamme og utvida sone.

Sonegrenser


Eit anna hovudelement i rovdryforliket er opprettinga av område i utmarka der rovdryra skal prioriterast framfor beitedyr. Bjørn, ulv og jerv har til dels overlappande og til dels ulike soner. Utanfor desse områda har beitedyra prioritert.

Den norske rovviltforvaltinga har til føremål å balansere desse to omsyna mot kvarandre: verdien av ein utmarksbasert matproduksjon på den eine sida, og på den andre sida vernet av dei store rovdryra som i stor grad livnærer seg av ville og tamme beitedyr.

Forvaltningssonene for jerv strekkjer seg frå Hedmark i sør til Finnmark i nord, i stor grad langs grensa til Sverige, men også med eit stort område nord og aust for Jostedalsbreen, i fylka Vestland, Innlandet og Møre og Romsdal. Det er ei stor utveksling av dyr mellom Noreg og Sverige. Fordi jerven kan streife svært langt, held han ofte til utanfor forvaltingsområdet. (Sjå kart på neste side.)



Figur 2: **Dagens forvaltningssoner for jerv i Sør-Noreg**, med ein sirkel som indikerer eit tenkt leveområde for jerv. Den indre sirkelen viser ei jervetispe, med leveområde på 400 km². Ytre sirkel viser området til ein hannjerv på 800 km². Dei eksisterande jervesonene i Sør-Noreg ligg langt i frå Hardangervidda, men heng også dårleg saman.



Figur 3: **Illustrasjon av område i Sør-Noreg som kan vera mest og minst eigna som forvaltningsområde for jerv**. Som døme er det nytta tilnærma like store areal som i dagens jervesoner. Områda aust for Østerdalen (A) vil auke livsdugleiken til den sørnorske jerven pga. tilknytning til ein større bestand i sentrale og nordlege Skandinavia, og vil gje jerv høve til å leva i område prioriterte for ulv og bjørn, der det også er mindre potensial for konflikhtar med husdyr. Områda vest for Østerdalen (B) vil ta vare på to sjeldne genotypar som ikkje finst andre stader i Skandinavia, og vil gje jerven høve til å leva i alpine nasjonalparkar der det betyr mykje symbolsk at han er, og kan sikre at parkane oppfyller verne målet om komplette økosystem. Jerv i villreinområde kan vera

med på å ta ut sjuke dyr, men me manglar i dag gode tal på det. Det er vanskeleg å tenkje seg ei stor sone (C) utan å koma i konflikt med anten tamrein, sau eller båe delar, og samstundes tilfredsstillte andre omsyn. Dermed kan det vera ei løysing å dela opp i to soner (D). Det finst tilgjengeleg GIS-baserte verktøy som kan nyttast til å optimalisere sonene når ein har fullført prosessen med å vektleggje dei verdibaserte omsyna. Frå NINA-rapport 1255/2016, 42. (Omsett til nynorsk av oss)

3. Jerven som renovatør

I billetteksta ovanfor er det nemnt at jerv i villreinområda «kan vera med på å ta ut sjuke dyr, men me manglar i dag gode tal på det.» Dette er likevel det uttalte føremålet med å sleppe jerv inn på Hardangervidda. Tiltaket står eller fell på om dette vil lykkast eller ikkje.

Saka er blitt særleg aktualisert etter at skrantesjuke (Chronic Wasting Disease/CWD) blei oppdaga på villrein i Nordfjella (2016). For å hindre spreining og vonleg utrydde den livstrugande prionsjukdomen, blei det sett i verk eit kontroversielt og dramatisk tiltak: avliving av heile villreinstamma nord for Rv7. Då det i 2020 blei felt ein reinsbuk på Hardangervidda som testa positivt for skrantesjuke, stod ei vidare nedslakting for mange som meiningslaust, men det oppstod òg eit sterkt behov for å finne fram til andre verksame tiltak. Derfor fekk Vitskapskomiteen for mat og miljø (VKM) til oppgåve av dei fagansvarlege styresmaktene å oppdatere kunnskapsstatus om skrantesjuken og vurdere måtar å handtere sjukdomen på.

Arbeidet resulterte i VKM Rapport 2021: 01: *Handlingsrommet etter påvisning av skrantesyke (CWD) på Hardangervidda – grunnlag for fremtidige forvaltningsstrategier*. Rapporten er skriven av ei prosjektgruppe som var samansett av 2 VKM-medlemmer, 1 tilsett i VKM og 5 eksterne ekspertar. I gruppa deltok m.a. økologane/biologane Atle Mysterud, Erlend B. Nilsen og Michael A. Tranulis, og ein av dei fremste villreinforskarane i landet, Olav Strand. To i komiteen har veterinær bakgrunn, sjølvsagt relevant for ei utgreining som gjeld spreining av sjukdom.

Rapporten går grundig gjennom den norske og internasjonale litteraturen og dei erfaringane som har kome til etter at VKM gav ut den fyrste rapporten om dette temaet i 2017. Eit kapittel er vigd til «Spredning og populasjonsforhold ved CWD i Nord-Amerika». Røynslene frå tiltak mot CWD hjå ulike artar hjort i Canada og USA er med andre ord godt kjende i det norske fagmiljøet.

Om bruken av rovdyr mot spreining av skrantesjuke seier rapporten (6.1.11 – Introduksjon av rovdyr, s. 87):

«Det har flere ganger vært foreslått at fraværet av store rovdyr er en faktor som kan gjøre at skrantesyke lettere etablerer og sprer seg blant hjortedyr. Dette ble også diskutert i VKM 2017., kap. 4.4. Det har ikke kommet nye arbeider på temaet CWD og rovdyr, og det er per i dag ikke mulig å sannsynliggjøre effekter av ulike typer rovdyr på forekomsten av CWD i Norge.»

Vilkår som må vera til stades for at eit slikt tiltak skal lykkast, er i fylgje rapporten at rovdyra held oppe eit seleksjonspress på infiserte dyr. Men det er uvisst kor selektiv jerv eller ulv vil vera, særleg i tidlege fasar av sjukdomen når reinen ikkje har symptom, men er smittsam. Jerven (og ulven) vil òg kunne spreie vev som er infisert av CWD eller andre smittestoff. På den andre sida ser ikkje forfattarane bort frå at rovdyra kan taka ut rein med fotråde.

Forfattarane «vet heller ikke i hvilken grad de vil holde seg til villrein som byttedyr, eller hvordan tilstedeværelsen av store rovdyr vil påvirke villreinens adferd og områdebruk.»

Eit forskingsmiljø som held særleg godt oppsyn med villreinen på Hardangervidda, er «Norsk villreinsenter Sør» på Skinnarbu i Tinn kommune. Dagleg leiar ved senteret, Peter C. A. Köller, kommenterer saka slik:

«Vi er kjent med temaet, også i fra andre hold.»

Er logisk at jerven muligens heller vil ta dyr med dårlig kondisjon enn god kondisjon, og/eller ta dyr med defekter - og også beite på åtsler. Å tenke at jerven vil fungere som en systematisk og selekterende art som fjerner syke/dårlige dyr og sparer friske og velkondisjonerte, er tvilsomt. Og i CWD-sammenheng er det nok litt skummelt å tenke at jerven ordner opp. En rein med klassisk skrantesjuka kan være smittebærer i lang tid før den selv viser tegn til sykdommen, og hvorvidt den utsettes for predasjon vil da hvile på tilfeldigheter.» (Privat melding)

Det er såleis ikkje fagleg grunnlag for å påstå at «jerv vil bidra til å gjenopprette en naturlig balanse i det biologiske mangfoldet på Hardangervidda og bidra til å holde villreinstammen frisk og sunn.»

4. Reinen på Hardangervidda



Figur 4: **Leveområdet for villreinen**, definert gjennom «Regional plan for Hardangervidda villreinområde». Leveområdet er vesentleg større enn Hardangervidda nasjonalpark, og det er utveksling av reinsflokkar til og frå leveområda i Setesdalsheiane og Ryfylkeheiane.

Norsk Villreinsenter summerer opp den generelle stoda for Hardangervidda-reinen slik:

«Selv om Hardangervidda i areal er det største villreinområde vi har i Norge, ser vi gjennom de siste åra at reinen ikke tar i bruk hele området. Dette er dokumentert og oppsummert blant annet i denne [NINA rapporten](#). I tilknytning til kalvings- og oppvekstperioden (mai – juni) og sommermåneden juli bruker de i all hovedsak områdene sør for Kvenna og unngår områder med mye forstyrrelser i form av ferdsel.

Hardangervidda er det villreinområdet i Norge med de laveste kalvevektene. Alle dyr på vidda er i generelt dårligere kondisjon enn i andre villreinområder. Vinteren og våren 2021 ble det gjennomført nye tiltak for å ta hensyn til villreinen. Tilsynsutvalget i Vestland innførte et nytt

regime med hyppige vurderinger med påfølgende stenging av ulike løyper i perioder, tilpasset hvor reinen stod (basert på GPS-merket rein fra dyreposisjoner.no). DNT holdt sine hytter i området stengt i påsken/våren og noen vinterløyper ble ikke merket/kvistet. I tillegg førte korona til redusert ferdsel i fjellet. Sist vinter var spesielt snøfattig i vestlige fjellstrøk på vidda og tilgangen på gode vinterbeiter var spesielt god i disse områdene. Kombinasjonen av alle forhold førte til at en stor del av stammen stod i nordvest i en periode fra tidlig i februar til etter påske (14. – 18. april). Da trakk dyrene sør-østover og kalvet i hovedsak i områdene mellom Kvenna og Bitdal.» (Norsk villreinsenter Sør: [Kan du unngå å ferdes på Hardangervidda i vår? | Villrein](#))

Hyttebygging, turisttrafikk, vegtrafikk og annen menneskeleg aktivitet kring Vidda er òg faktorar som er med på å innskrenke reinens arealbruk. Konsentrasjonen av rein på mindre område fører til auka smitte av parasittar, bakteriar (m.a. fotråte) og prion, attåt dårlegare føropptak.

Den spesielle stoda er særleg knytt til trugsmålet frå og kampen mot prionsjukdomen CWD, skrante-sjuken. Desse problema har i fleire år vore drøfta i forskingsmiljøa og i alle delar av forvaltninga, frå grunneigarane via fagorgana (NINA, SNO) til direktorat og departement.

I desse prosessane har aldri introduksjon av jerv eller ulv blitt lansert som eit seriøst framlegg, trass i at røyster utanfrå ustansaleg har hevda at rovdyra vil ordne opp på naturens premisser. Det har fleire grunnar:

- Tiltaket manglar fagleg støtte
- Det verkar heilt urimeleg og i strid med røyntslene frå tamreindrifta at villreinen vil ha føremon av å bli eksponert for rovdyr som lever av m.a. rein
- Konsekvensane for faunaen elles, medrekna andre ville og tamme beitedyr

Hovudproblemet for villreinen på Hardangervidda er som nemnt *den akkumulerte mengda stressfaktorar*, særleg i randområda. Det er allmenn semje om at reinen må stressast minst mogleg, særleg i tida kring kalving. Ei jervestamme på Vidda vil vera ein kontinuerleg stressfaktor for villreinen, særleg om vinteren, når jerven tek seg vel så lett fram på snøen som reinen, og i kalvingstida. VKM peikar på at verknaden av jerv som sjukdomsregulerande tiltak er avhengig av eit tilstrekkeleg høgt seleksjonspress. Skal jerven lykkast med å ta ut sjuke dyr, inneber det med andre ord at *jagande jerv vil vera ein vedvarande stressfaktor i tillegg til alle dei andre*.

5. Er Hardangervidda nasjonalpark eit høveleg habitat for jerv?

Dokument 8-framlegget har også eit anna premiss: «Mangelen på naturlige predatorer som jerv på Hardangervidda gjør at det i dag er et økosystem i ubalanse.»

Setninga står som ein påstand utan grunngeving. Det går ikkje fram kva ein meiner med «økosystem i ubalanse», eller når denne uheldige tilstanden skal ha oppstått. *Teoretisk* kan Vidda reknast som eit mogleg jervehabitat på line med andre norske høg fjellsområde innafor forvaltningssona, men det er uklårt om eller når det faktisk har vore ynglande jerv der. NOU 1974: 30B *Hardangervidda. Natur – kulturhistorie – samfunnsliv* inneheld eit oversyn «over virveldyr observert på Hardangervidda», à jour 1.2. 1973. Her (s. 95) går det fram at jerv og ulv berre har vore observert som streifdyr. Var Hardangervidda eit «økosystem i ubalanse» også for over femti år sidan? Finst det andre kjelder som opplyser om jerv eller jervejakt på Vidda?

Det eksisterer ei oppfatning av eit økosystem i utmarka ikkje er «intakt» utan at det er habitat for store rovdyr. Skulle denne oppfatninga vera førande for forvaltninga, ville det ikkje kunne bli noko rovviltforlik med eit todelt mål. Elles er det mange artar som er viktigare i økosystemet enn predatorane på toppen av næringskjeda. Den store merksemda dei får i vernedebatten heng mest saman med fascinasjonen dei vekker i menneska.

NINA er inne på dette i teksta til figur 3, (s. 4), der skisse A «vil gje jerven høve til å leva i alpine nasjonalparkar der det betyr mykje symbolsk at han er, og kan sikre at parkane oppfyller vernemålet om komplette økosystem.»

Men Hardangervidda nasjonalpark har ikkje eit slikt vernemål. Nasjonalparken på 3,422 km² blei oppretta i 1981, med fylgjande føremål fastsett i forskrift:

«Føremålet med Hardangervidda nasjonalpark er å verne ein del av eit særleg verdfullt høg-fjellsområde på ein slik måte at landskapet med planter, dyreliv, natur- og kulturminne og kulturmiljøet elles vert bevart, samstundes som området skal kunne nyttast for landbruk, naturvenleg friluftsliv og naturoppleving, jakt og fiske og undervisning og forskning.»

Ein kan merkje seg at føremålet femner over plante- og dyrelivet så vel som kulturminna, kulturmiljøet og landbruksdrifta – det vil i praksis seia beiting med sau. Dette har historiske føresetnader: Hardangervidda er eit eldgamalt kulturområde, der landskapet er rikt på minne om reinsjakt, ferdslø, fiske, fôrhausting, beiting, stølsdrift og andre aktivitetar. Bruken av Vidda har til alle tider vore ein viktig del av eksistensgrunnlaget for bygdene i kring.

Statusen som nasjonalpark inneber vern av natur- og kulturlandskapet slik det var då vernevedtaket blei gjort. § 4.2.1. i forskrifta gjeld dyrelivet:

«Dyrelivet og deira bu plass, hi, reir og egg skal vere freda mot skade, øydelegging og unødig uro av alle slag, mellom anna fotografering og anna uro i yngletida.

Nye dyrearter må ikkje innførast.» (Ein tilsvarende paragraf set forbod om å setje ut fisk.)

Det kan seiast å vera ein skilnad på å *innføre* ein ny dyreart og at ein ny art kjem inn i økosystemet av seg sjølv. For artar på eit lågare trofisk nivå enn dei store rovdyra er det i røynda umogeleg å styre ei innvandring. Likevel kan ein ikkje opne for etablering av jerv utan å endre innføringsregelen, mellom anna på grunn av konsekvensane for den eksisterande faunaen.

Om desse konsekvensane seier dokument 8-framlegget berre dette: «Med jerv på Hardangervidda vil det også bli enklare for fjellrev å etablere seg, siden fjellrev delvis livnærer seg av kadavre som er etterlatt av jerv i høyfjellet.» Ein gløymer å nemne at både rev og fjellrev er på jervens meny, og at landbrukets arealbruk er del av føremålet.

Framlegget frå Venstre går altså ut på at «Stortinget ber regjeringa utvide sonen for jerv, slik at jerv kan etablere seg som en naturlig del av økosystemet innanfor Hardangervidda nasjonalpark.» Korleis kan ein, ut frå erfaringane frå andre jervesoner, tru at det er mogleg å avgrense jervehabitater til nasjonalparken? Vil ikkje ei slik utviding skape utgangspunkt for ein vidare ekspansjon av jerv sørover mot høg-fjellsområda i Agder og Rogaland, eller mot fjell- og skogsområda i Øvre Telemark der det beiter tusenvis av sau, elg, hjort og rådyr? Kva kan det få å seia for reetableringa av villreinstamma i Nordfjella at det er ei jervestamme i grannelaget?

Ei anna problemstilling som forskinga har vore oppteken av, er den genetiske situasjonen. Frykt for innavl og genetisk degenerasjon blant jerv i Noreg har vore grunnlag for mange studiar, og datagrunnlaget er i dag nokså breitt. Generelt er det ein føremon at ein bestand har så god kontakt med andre at det sikrar genetiske variasjonar. NINA omtalar problematikken i *Rapport 1255/2016, Samordning av jerv i Sør-Norge – en kunnskapsoversikt*. Der heiter det:

En jervesone som er sammenhengende med de svenske og nordnorske bestandene vil være det beste for levedyktigheten, men spredningskapasiteten til jerv er slik at de i teorien kan sikre forbindelsen mellom flere soner adskilt med mange mil dersom det er nødvendig.

Kor langt er «mange mil»? Ei vurdering av Hardangervidda som ny jervesone skilt i frå den eksisterande sona, må sjølv sagt leggje vekt på spørsmålet om det – sett i frå jervens behov – er eit berekraftig tiltak. Vil den naturlege innvandringa vera stor nok? Og dersom innvandringa er stor nok til å sikre den genetiske variasjonen på Hardangervidda, vil ho då vera så stor at ho pressar fram utvandring og spreiging av jerv til andre område med villrein og langt meir sau enn på Hardangervidda? Kan ei genetisk berekraftig jervestamme innebera vilkår for villreinen og andre beitedyr som ikkje er berekraftige?

6. Tilhøvet til rovviltforliket og politiske mål

Det er oppsiktsvekkjande at Venstre lanserer eit framlegg i Stortinget der konsekvensane er så lite utgreidde, og det er urovekkjande at partiet arrogant ser bort frå rovviltforlikets intensjon om å dempe konfliktane og motverke utryggleik innafor den todelte målsetjinga.

Tidspunktet høver òg dårleg. Det er i dag eit politisk mål om å auke sjølvforsyninga av mat til 50 %, og det er fastsett at auken skal skje på grunnlag av norske arealressursar. Det vil seia at beitenæringa må styrkast, ikkje svekkast. Framlegget om ei vesentleg utviding av jervesona og ein sterk auke i bestandsmålet vil innebera ein veikare matvareberedskap i framtida. I fylgje Rovdata er jerven det rovdyyret som med god margin drep flest sauer og lam (40 %). I og i kring dei områda der jerven har prioritet, har sauehaldet gått sterkt tilbake.

Endringane i måten maten blir produsert på, har redusert bruken av utmarksressursane over heile landet. Belastninga med rovdyyr i sauebeitet er derfor berre ein del av forklaringa på manglande beiting, men ofte er store tap sauetap avgjerande for at gardsdrifta blir avvikla og at gamle kulturlandskap gror att. I fylgje Artsdatabanken trugar no attgroinga 685 artar av fuglar, planter, insekt og soppar som er typiske for beitelandskapet, deriblant 29 prosent av artane på raudlista. Endra arealbruk er den heilt dominerande årsaka til dette.

Det viktigaste argumentet for utmarksbeiting er likevel ikkje vedlikehaldet av kulturlandskapet, men at *norsk matproduksjon i framtida må tuftast langt meir på fotosyntesen i utmarka enn på importert fôr*. Både klimaskiftet, ein meir usikker situasjon i verdsøkonomien og aktuelle og potensielle krigar og konfliktar tilseier det. Beredskapsomsynet er då også i ferd med å slå mykje sterkare inn i landbrukspolitikken, og må likeins få konsekvensar for rovviltforvaltninga.

**Ut frå dette vil fylkeslaga av Norsk Bonde- og Småbrukarlag sterkt oppmode Stortinget om å av-
vise representantframlegget frå Venstre.**

(signaturar)